

## Vengåa kraftverk, Rauma kommune, Møre og Romsdal fylke - kommentarer til innkomne høringsuttalelser.

### **Fylkesmannen i Møre og Romsdal uttaler.**

#### Om Landskap og friluftsliv

«Venjesdalen er ein svært viktig innfallsport til kjente fjell og turområde som Romsdalshom, Venjestindan, Blånebbå og Romsdalseggen. Dette området har derfor høg verdi for friluftslivet. Gjennom Venjesdalen går det både veg og kraftline. Området er såleis ikkje urørt, Nye inngrep kan gi ein uheldig sumeffekt. Skal ein tillate nye inngrep i dette området må derfor landskapsomsyn vere avgjerande.

Inntaksdammen er lokalisert like nedanfor hytte/sætergrenda Venjesdalssætra, Gjennom tidlegare saksbehandling har det kome fleire protestar til denne lokaliseringa. Vi registrerer at inntaksdammen er flytta fra kote 360 til kote 353. Dammen vil ligge ca. 20 m fra vegen inn Venjesdalen og dermed svært synleg både frå veg og hyttefelt.

Vi saknar ein nærare vurdering om flytting av inntaksdammen lenger ned vil vere ei betre løysing landskapsmessig sett. Pga. snøforholda har vi ikkje hatt moglegheit til å vurdere dette på eigen synfaring, Vi føreset at NVE tar opp dette som terna ved ei eventuell sluttsynfaring.»

### **Tiltakshaver kommenterer.**

Opprinnelig var damplassing planlagt på kote 360. Så ble den flyttet nedover nettopp med tanke på synlighet fra hytteområdet. Vandekt areal blir beskjedne 150 m<sup>2</sup>, volum 450 m<sup>3</sup>. Avstand til nærmeste hytte oppstrøms demningen er 75 m. I nytt damsted er det fjell som gjør det enkelt å bygge demningen. Dette reduserer inngrepets omfang. Inntaksarrangementet vil ikke skape støy. Som bildet nedenfor viser, går damkrona i flukt med terrenget på østsiden av elva. På vestsiden er det bare en mindre andel av demningen som stikker opp. Etter at anlegget er ferdig, vil inngrepet bli som vist på bildet.



Figur 1: Visualisering av inntak og atkomstvei

### Om anadrom fisk


«Utløpsvatnet frå kraftstasjonen går ut i Glutra om lag 400 m nedanfor samløpet med Vengåa. Glutra fører anadrom fisk (laks og sjøaure) langt ovanfor dette samløpet, Også deler av Vengåa er anadrom. Vi er usikre på nøyaktig kvar vandringshinderet for anadrom fisk er. Hausten 2011 vart fleire vassdrag i Rauma kommune kartlagt som førebuing for behandling av vassdraga mot *Gyrodactylus salaris* i 2013. I det kartmateriale vi har mottatt er behandlingpunkt mot parasitten vist ved ca. kote 140, altså om lag 750 m ovanfor samløpet med Glutra. Fylkesmannen kjenner ikkje til den biologiske produksjonen i elva på denne strekninga.»

### **Tiltakshavers kommentar.**

Tiltakshaver har fått utført undersøkelse av anadromstrekning i Vengåa ved bonitering og elektrofiske opp til vandringshinderet ved kote 180. I Glutra ble strekningen mellom planlagt plassering av kraftstasjonen og Vengåas samløp med Glutra bonitert og bunnssubstrat vurdert. Her ble det ikke prøvefisket p g a stor vannføring i Glutra. Fiskeundersøkelsen ble utført av Bioreg AS 18. august 2012.

### *Resultater fra Vengåa.*

Det ble prøvefisket på 3 stasjoner i Vengåa. Se kart nedenfor.



Figur 2: Kartutsnitt fra Bioreg sin rapport.

Stasjon 1 oppviste en fisketetthet på 60 ørret pr. 100 m<sup>2</sup>, mens stasjon 2 og 3 hadde fisketetthet på hhv 17 og 15 individer. Laks ble ikke fanget på noen av stasjonene.

Fiskeundersøkelsen foreslår følgende avbøtende tiltak, sitat;

«Om planane vert gjennomført slik dei no ligg føre, så vil vi tilrå ei mykje større minstevassføring enn det utbyggjarane har lagt opp til. 5-persentilen er eit minimum, men helst bør ein vurderer ei minstevassføring opp mot 10-persentilen slik at særleg Vengåa også etter utbygginga kan ha ein viss verdi for anadrom fisk. Også for Glutra vil eit slikt tiltak vera positivt, men vil ha mindre å seia for denne elva enn for Vengåa. Omlaupsventil derimot skulle ikkje vera naudsynt om stasjonen vert liggjande der han er planlagt.»

### **Tiltakshavers kommentar om minstevann.**

Ulike slipp av minstevannføring påvirker kraftproduksjonen meget sterkt. Endringer er vist i tabellen nedenfor;

Minstevann	Sommer (1/5-30/9)			Vinter (1/10-30/4)			Kraftproduksjon			
	l/s	% av $Q_m$	GWh	l/s	% av $Q_m$	GWh	Total årsproduksjon (GWh)	Tap (GWh)	Tap (%)	Utbyggingspris (kr/kWh)
Omsøkt	75	8,4	10,5	75	8,4	2,8	13,3	-	-	3,2
5-persentil	306	34,5	9,1	55	6,2	1,5	10,6	2,7	20,3	4,0
10-persentil	442	49,8	8,3	81	9,1	1,1	9,4	3,9	29,3	4,5

Omsøkt minstevannsslipp er i helt i tråd med anbefalingen fra Miljørapporten fra 2008 der det står, sitat; «Vi vil likevel koma med framlegg om at alminneleg lågvassføring vert lagt til grunn for vassregimet og kjøremønsteret».

Vengåa kraftverk har i søknaden en midlere årsproduksjon på 13,3 GWh. Og med et utbyggingsbudsjett på 42,4 mill kr gir dette en utbyggingspris med god lønnsomhet på 3,2 kr/kWh.

Den høye 5-persentil på 306 l/s er en indikasjon på at det renner mye vann i Vengåa om sommeren og utover høsten. Dette kommer av jevn smelting av sne fra fjelltoppene.

Av tabellen ser en at slipp av minstevann på 5-persentilnivå viser at produksjonstapet blir på 2,7 GWh, dvs. en utbyggingspris på 4,0 kr/kWh som også indikerer akseptabel lønnsomhet.

Slipp av minstevann på 10-persentilnivå utgjør 442 l/s, eller nesten 50 % av middelvannføringen ( $Q_m$ ) på 888 l/s, dvs. et årlig produksjonstap på 3,9 GWh (29,3 % tap i forhold til omsøkt produksjon) og en utbyggingspris på 4,5 kr/kWh. En så stor minstevannføring gir en klart svekket lønnsomhet. Man skal være klar over at gjennom sommeren vil den naturlige vannføringen ofte være betydelig lavere enn dette nivået og miljøet i elva må uansett tilpasse seg en lavere vannføring.

Restfeltet har en avrenning på 126 l/s ved Vengåas utløp. Når turbinens minste slukeevne på 90 l/s og 5-persentilen på 306 l/s legges til er vannføringen på 522 l/s ved Vengåas utløp. Det er en kjensgjerning at elva i perioder om sommeren ofte har lavere vannføring enn dette og miljøet i elva vil være tilpasset en vannføring lavere enn 5-persentilen. 5-persentilen bør derfor gi en tilstrekkelig mengde vann for å opprettholde en levedyktig/sunn elv.

Det kan være aktuelt å slippe noe mer minstevann i de perioder da gyting pågår. Hvilke(n) periode(r) det er snakk fremkommer i e-post 02.10.2012 fra fiskebiologen som sier følgende, sitat;

«Har sett litt på dette med gytetida for sjørret, og det er om høsten det skjer, stort sett i oktober slik jeg antydte i telefonsamtalen. Gytetidspunktet kan nok variere noe fra landsdel til landsdel og fra elv til elv. Det er antatt at gytinga i elver som ligner mest på litt store bekker foregår over relativt korte tidsrom, da fisken oppholder seg i elva/bekken nesten bare i gytetiden. I større elver begynner den oppgangen ofte i juli, enkelte steder så tidlig som juni, så der kan den nok stå ganske lenge før den igjen søker til havs. Trolig går sjørreten opp i Glutra og blir værende der til tidspunktet for gyting nærmer seg, så trolig oppholder den seg i relativt kort tid i Vengåa.»

Et annet avbøtende tiltak fra fiskerapporten siteres;

*«Eit anna avbøtande tiltak som kan vera aktuelt er å flytta kraftstasjonen oppover til omlag 250 - 300 m opp i Vengåa. På den måten vil ein unngå at Glutra vert negativt påverka av tiltaket, samstundes som ein får teke vare på den mest verdfulle delen av Vengåa. Om denne løysinga vert vald, bør det vurderast omlaupsventil for å unngå at det strandar fisk ved ein utilsikta stopp i kraftverket. Vidare kan ein redusera kravet til minstevassføring betydeleg om denne løysinga vert vald.»*

### **Tiltakshavers kommentar til flytting av kraftstasjon.**

Om flytting av stasjonen oppi Vengåa skulle ha beskyttende effekt for anadrom fisk, må stasjonen flyttes til ovenfor anadrom strekning, dvs. ovenfor vandringshinderet på kote 180, dvs. et falltap på 176 m. Med dette falltapet og minstevannsslipp på 5-persentilnivå vil årsproduksjonen bli på bare 5,2 GWh. Dette blir et dyrt og uinteressant alternativ for alle involverte parter.

### **Møre og Romsdal fylkeskommune uttaler.**

#### «Automatisk freda kulturminne

*Vi kjenner ikkje til at det er registrert automatiske freda kulturminne i eller neer Vengåa, men ønskjer gjerne nærare opplysningar om trasé og kraftverktomt for å vurdere potensialet for hittil ukjente kulturminne.*

*Det kan eventuelt verte naudsynt med ei synfaring for å vurdere behovet for arkeologisk registrering.»*

### **Tiltakshavers kommentar.**

Tiltakshaver tar uttalelsen til etterretning.

#### «Kulturminne frå nyare tid

*Det er registrert tufter etter to kvernhus i Vengåa (1539-0020-059 og 1539-0020-060), og ei etter ei sag i Sagøyan (1539-0019-016), Elles er det også fleire SEFRAK-registrerte bygg på Venjesdalssetra. Vi ber om at ein tek omsyn til desse kulturminna under vidare saksbehandling.»*

### **Tiltakshavers kommentar til kulturminner.**

Tiltakshaver tar uttalelsen om kulturminner til etterretning

#### «Friluftsliv

*Venjesdalen med tilgrensande fjellområde er eit av dei mest populære områda for friluftsliv i Romsdal og i Rauma kommune, som satsar sterkt på friluftsliv for sine innbyggjarar og i reiselivssamanheng. Området er sentralt i den store reiselivssatsinga kring Romsdalseggen, med start- eller endepunkt i Venjesdalen. Molde og Romsdals turistforening har under planlegging ny turisthytte i området, og det er godkjent frådeling av tomt ved Venjesdalssetra.*

*Vi rår difor til at NVE i si saksbehandling legg særleg vekt på konsekvensar og eventuelle avbøtande tiltak for friluftslivet, både det allmenne friluftslivet og friluftsliv som satsingsområde for reiselivet i regionen.*

*Etter vår vurdering vil ei utbygging som planlagt ikkje ha større direkte innverknad på tilgjenge i området, då det truleg er lite ferdsel i området for inntak, røyrgate/anleggsveg og kraftstasjon. Innverknad på landskapsopplevinga kan vere større, ikkje minst sett frå dei mykje brukte fjellområda på nord-sida av hovuddalføret i Isfjorden. Utbygging i eller nær mykje brukte friluftslivområde kan dessutan ha innverknad på attraktivitet og omdømme som er avgjerande faktorar i reiselivssamanheng.*

*Dei negative konsekvensane av utbygginga vii etter alt å dømmе vere størst i anleggsfasen, og det kan ha mykje å seie kor lenge denne fasen varer og til kva tider av året anleggsarbeidet føregår mest Intensivt.»*

### **Tiltakshavers kommentar.**

Tiltakshaver tar uttalelsen til etterretning.

### **Rauma kommune uttaler.**

Saken har vært behandlet i Utvalg for plan og forvaltning 11.04.2012 med følgende vedtak, sitat;

«Rauma kommune har ut frå vurdering opp mot krava til gul sone i vassdragsplanen funne desse manglane i søknad om konsesjon for bygging av Vengåa kraftverk datert 6.2.2012:

- Visualisering av dammen, inkludert eventuell permanent veg, på omsøkte plassering. Blir damplasseringa vurdert som visuelt uakseptabel i forhold til regionalt viktige ferdselskorridorar må alternativ plassering av dammen vurderast og utredast nedstraums omsøkte dam.
- Utredning og klarering av den berørte elvastrekinga av Glutra mellom utløpet av Vengåa og kraftstasjonen.
- Konkretisering av om utløpet frå kraftstasjonen blir lagt i røyr under bakkenivå i minimum 10 meter frå stasjonsbygninga.
- Konkretisering av om inntaket skal byggjast veglaust i og over verneskogbeltet viss ikkje tilslaming(sedimentering) vil medføre eit særleg behov for maskinell opprensning/tømming av inntaksdammen.

Ut over dette er søknaden innanfor rammene for gul sone i vassdragsplana for Rauma kommune.»

### **Tiltakshavers kommentar.**

#### Visualisering av dammen

Det vises til bilde med visualisering og tiltakshavers kommentar til Fylkesmannens uttalelse om inntaksdam.

#### Utredning og klarering av den berørte elvastrekinga av Glutra...

På berørt strekning i Glutra er det også utført fiskebiologisk vurdering. Sitat fra undersøkelsen;

«For Glutra er det vanskeleg å vurdere omfanget, då ein førebels ikkje veit kor stor del av vatnet frå Vengåa utgjer for den samla vassmengda nedanfor elvemøtet. Men om ein likevel, ut frå kva ein trur reknar Vengåa som ein tredel av totalvassføringa, så vil det likevel vera mykje vatn att i Glutra, i alle fall ved normale vassføringar. I tørketider er ein likevel meir usikker. Men ut frå det ein har sett av desse to elvene, så reknar ein ikkje med at omfanget for Glutra vert særskilt stort om vatnet frå Vengåa fell bort. Ein reknar difor omfanget for den aktuelle strekinga av Glutra å verta lite/middels neg. (-/-) om planane vert gjennomført som planlagt.»

Utfra ovenstående mener tiltakshaver at slipp av minstevann på 5-persentilnivå vil være tilstrekkelig.

#### Konkretisering av om utløpet frå kraftstasjonen blir lagt i røyr...

Tiltakshaver mener det er uproblematisk å føre avløpsvannet fra turbinen uti elva i rør under bakkenivå. Dette vil avbøte for støy og samtidig vil avløpskanalen ikke være til hinder for annen aktivitet i området.

#### Konkretisering av om inntaket skal byggjast veglaust...

Tiltakshaver mener at den korte atkomstveien ned til inntaket er et beskjedent inngrep. Veien letter publikums atkomst til inntaket. Her vil det bli satt opp ei lita tavle med informasjon om kraftverket og med informasjon om hvordan man kan kontrollere at riktig mengde minstevann slippes. Avvik kan rapporteres til utbygger eller til NVE.

### **Rauma Energi uttaler.**

«Rauma Energi har utredet nødvendige tiltak i nettet etter hvert som selskapet har fått forespørsel fra potensielle utbyggere. Anleggsbidrag er stipulert

Vengåkraft utløser behov for forsterkning i 22 kV nett Isfjorden for å oppnå akseptabel spenningskvalitet og leveringsikkerhet. Minimumstiltak er at det legges en 22 kV jordkabel på ca. 2,5 km til erstatning for bestående nett fra Hen til ny nettstasjon for tilkobling av 22 kV kabel fra Vengåkraft (Se side 13 konsesjonssøknad).

Det er meldt forespørsel om tilknytning av ytterligere 11,5 MW fra to kraftverk under planlegging. Utfordringen for nettselskapet er at konsesjonsbehandling og beslutning om utbygginger ikke sammenfaller i tid. Dersom den største av de to nevnte utbygginger blir realisert må 22 kV nettet forsterkes heit inn til Grytten transformatorstasjon. Alternativt kan det bygges ny transformatorstasjon tilknyttet 132 kV regional nett i Isfjorden.»

### **Tiltakshavers kommentar.**

Det er innledet en god dialog med Rauma Energi og utbygger er kjent med at det er behov for visse tiltak i netteiers nett i området. Utbygger innser at det er utbygger som skal betale forsterkninger i netteiers nett, som skyldes tilkoblingen av kraftverket. Utbygger har i budsjetteringen av utbyggingen tatt høyde for anleggsbidrag.

### **Naturvernforbundet uttaler.**

«Denne fråsegna er skrive i forståing med Naturvernforbundet sitt lokallag i Rauma.

Det er i denne saka spesielt to tilhøve som vi ønskjer å seie noko om. Det gjeld funn av brunburkne og påverknaden av verdiar for friluftslivet, særleg i øvre del

På sidene 42/53/57 er det nemnt funn av brunburkne. Sidan den biologiske rapporten blei laga i 2008 er det kome ei ny raudliste, der brunburkne er ført til kategori EN, sterkt truga. Arten er knytt til serpentin/olivinberg. Kjent utbreiing for brunburkne tilseier at funn i dette området er noko overraskande.

I Rauma kommune sin vassdragsplan er dette vassdraget plassert i gul sone. Det tyder mellom anna at andre omsyn som friluftsliv er rekna som viktige i området, og at utbyggar må rekne med at dette blir betydeleg vektlagd. Området vidare innover i Vengesdalen blir brukt mykje til friluftsliv, til trass for at det er ein del inngrep, mellom anna frå kraftutbygging i området. Ytterlegare auke av inngrep vil slik vi ser det vere svært uheldig. Frå der prosjektet blir synleg frå Vengesdalsvegen og vidare oppover til inntaket vil inngrep påverke friluftslivet. Elva i seg sjølv er her fin å sjå på og dessutan ganske tilgjengeleg. I tillegg ligg denne strekninga nær eit mykje bruka område rundt Vengesdalssetra.

Naturvernforbundet meiner at inntaket må flyttast nedover i vassdraget for å redusere ulempene spesielt for friluftslivet.

Omsynet til friluftslivet må og vere grunnlag for ei nærare vurdering av anleggsverksemda. Vi går ut frå at andre vil gjere nærare greie for omfanget av friluftslivet.»

### **Tiltakshavers kommentar.**

#### Røddlistearter.

Etter samtale med en av forfatterne av Miljørapporten er det klart at brunburkne er forvekslet med bruntelg som ikke er rødlistet. Forvekslingen ble dessverre oversett i den endelige versjonen av Miljørapporten. Karplanten brunburkne har helt spesielle krav til voksested og substrat, nemlig olivinberg. Olivinberg fins ikke i Vengedalen.

#### Friluftsliv.

Dette deltema er behandlet i kommentarene til høringsuttalelser fra Fylkesmannen.

**Jo og Oddmund Unhjem utaler.**

«De utbyggingsplanene som nå foreligger, innebærer en demning/inntaksdam som ligger bare få meter fra veien inn i Vengesdalen, og dette blir et skjemmende fremmedelement og en visuell forurensing midt i øyesyn for alle som ferdes der.

Vengåa renner nedover Ådalen til den møter Glutra ved Ølsteinbrua. Dette er ei strekning på omkring 2 km, som i de øvre delene i dag er uten naturinngrep. Det er ville fosser, rolige kulper der bekkeaturen lever, og en variert vegetasjon på elvebreddene. I det hele tatt er Ådalen et unikt område for naturopplevelse og rekreasjon i nærmiljøet. Vi synes miljøbelastningen ved en utbygging her er alt for stor sett i forhold til den mengde energi dette kraftverket kan produsere.»

**Tiltakshavers kommentar.**

Plassering av inntaksdam er kommentert tidligere og vil ikke bli gjentatt her.

På de nederste 1200 meterne har elva Vengåa skåret seg ned i løsmassene med bratte skrenter ned til elva. Dette gjør denne delen av elva temmelig utilgjengelig.

Driftsvannrøret blir nedgravd og etter noen år vil rørgata være tilvokst med stedlig vegetasjon og ikke lenger være synlig.

Tiltakshaver mener at selv 10-13 GWh kraft må være et positivt bidrag for å avbøte på kraftunderskuddet i Møre og Romsdal fylke.